



\* Innflyttarkvinnene trivst i Gjerdsvika. Her er ein fin flokk samlasommaren som var.

## - Vi trivst i bygda!

Sande er på offensiven for å få folk til å flytte til kommunen, og næringslivet i Gjerdsvika har gitt signal om at dei ser for seg ulike tiltak for å få meir arbeidskraft til bygda. Gjerdsvika har fleire kvinner som har busett seg her dei siste åra, og som har klare meiningar om kva tiltak det bør satsast på.

For to veker sidan samla Gjerdsvika Næringsutvikling politikarane i Sande kommune for å vise fram planane dei har for bygda. Alle bedriftene i bygda er i ekspansjon, og treng arbeidskraft for å vekse. For å få fleire folk til bygda meiner bedriftseigarane at ein også må satse på andre kvalitetar som gjer at folk vil busette seg i bygda.

Dei siste åra har fleire småbarnsfamiliar slått seg ned i Gjerdsvika, og det er særleg kvinner utanfrå som vel å prøve bygdelivet.

### Trygt for barna

- Eg har budd i Fosnavåg heile livet, men ville gjerne bu i utkanten. Det er tryggare for barna å vekse opp her, mindre bilar og meir fellesskap, seier Rita Pettersen. Ho byggjer no hus i Gjerdsvika saman med mannen sin som er frå bygda. Aileen Tarberg er einig. Ho kjem frå Moldustranda, men har budd i Gjerdsvika i ni år.

- Eg har budd på større plassar, men trivst best på ein liten stad. I Gjerdsvika er det eit godt fellesskap med mykje ulike arrangement, stadfester ho.

- Eg kjem frå Dimna, men kunne aldri tenkje meg å bu i Fosnavåg eller i Ulsteinvik. Her er det fritt for ungane, og det er eit viktig moment for oss som har barn, meiner Anett Vågeskar Mork.

### Naturen betyr mykje

Men også naturen betyr mykje for damene. Kristin Meli kjem frå Østerdalen og har berre budd i bygder. Ho meiner den største skilnaden på folk som bur ved kysten og innlandet er lynnet. Etter å ha budd i Gjerdsvika i nærare ni år, kan ho ikkje tenkje seg nokon anna plass enn ved sjøen.

- Eg kjem frå bjørkeskogen oppe i lia, men no er eg avhengig av å høyre dønningane frå sjøen og kjenner at eg har kome inn i kyst-sjela, smiler Kristin.

- Ein far ro av å vere omgitt av så mykje natur. Det er mykje stress i kvardagen og ein treng den roa naturen i bygda gir, seier Anett som fryktar vindmøllene på Haugshornet vil kome til å øydelegge noko av idyllen.

- Det er ein skandale om vindmøllene kjem på toppen av fjellet over oss. Til og med ei vanleg husmor forstår det, og det hadde ikkje vorte gjennomslag for det om eg hadde sete i kommunestyret, seier Anett sylreg.

### Mykje som skjer

- Det har skjedd mykje sidan Adolfsbuda i bygda vart sett opp. Der er det mykje som skjer, og det vert til at vi dreg dit der vi treff familie og vener og kan ha det kjekt i lag, seier Anett.

- Mange vart forundra over at More Banan skulle ha opptrøden her i den vesle bygda var og

vi kan skryte av å ha både maritime dagar og ein kulturfestival, seier Lena Muren som opphavleg er frå Hareid. Ho framhever stå-på-viljen i Gjerdsvika, og synest det er mange som stiller opp og lagar til arrangement i bygda.

- Vil ein bu her må ein jobbe for å få det til. Det nyttar ikkje å setje seg ned og vente på at ting skal skje, meiner Anett. Ho ser likevel utviklingspotensiale for bygda, og synest det hadde vore koseleg om nokre av organisasjonane til dømes hadde samarbeidd om å ha ein kafédag annakvar veke anten på Adolfsbuda eller i bygdestova.

- Men noko av det viktigaste må vere å få ein idrettshall eller ein ny gymsal til bygda. Slik det er i dag er det stort sett fotball som finst for barna, og med ein større gymsal/hall kunne ein til dømes samarbeide med bygder om eit vidare aktivitetstilbod for barna, meiner Anett. Ho får støtte av mellom anna Bente Krumsvik. Ho er trener for eit jentehandballag i alderen 14-16 år, og bruker gym salen i Gursken til treningar. Men har ikkje handballmål, og må reise til hallen i Fosnavåg for å få spelt kampar. Ho meiner at for å få folk utanfrå til å busette seg her kan vi skilte med eit godt, ungt miljø som har alle fordelane som småplasser har. Ein treng likevel nokre av dei tilboda som finst i byene, mellom anna ein idrettshall.

- Å få ein idrettshall betyr utruleg mykje. Ein slik hall ville tent heile kommunen vår, der ein kan ha både store musikkarrangement og større kultu-

relle arrangement. Eg trur også at delar av Herøy ville vore tent med ein slik hall i Sande. Ikkje minst ville det gi eit tilbod til dei unge jentene i bygda vår som ikkje er interessert i fotball, men heller vil prøve seg med til dømes handball, friidrett og turn, slår Bente fast. Damene nikkar, og Kristin poengterer at det eigentleg er naudsynt med ein hall her som det nesten ikkje går an å vere ute og trene.

- På innlandet er det meir stabilt klima og det gir høve til å trene på ski og vere ute. Slik det har vore denne hausten med mykje vind og regn er det nesten håpløst å vere ute å trimme, seier Kristin.

### Nokså sentralt

Damene meiner også at bygda eigentleg ligg sentralt med berre 20-30 minutt med bil til Fosnavåg og Ulsteinvik. Fleire av dei pendlar kvar dag, Bente Krumsvik og Lena Muren har arbeid på Jets i Hareid, og brukar 40 min til jobb kvar dag.

- Når eg budde i Bergen måtte eg kjøre 20-30 min med buss til arbeid kvar dag sjølv om eg budde sentralt, seier Bente. Kristin arbeider i Ulsteinvik og meiner tida i bilen kan nyttast til å førebu seg på arbeidsdagen. Ho stiller seg undrande til at folk vel å betale for dyre tomteprisar i byggjefelt i pressområde som Ulsteinvik og Fosnavåg når ein kan få det mykje rimeligare litt lenger unna. Samstundes meiner ho det er viktig at kommunen må leggje meir til rette for at folk skal få bygge i Gjerdsvika. Rita Pettersen meiner kommunen må

vere meir behjelpelege om dei vil at unge folk skal flytte hit. Sjølv heldt dei på i nesten to år før dei endeleg fekk klarsignal på å bygge.

- Eit anna par gav opp planane fordi det gjekk så tregt, og kjøpte seg heller eit hus lenger inne. Eg synest kommunepolitikarane burde stå litt meir på pinne for unge folk som vil etablere seg i bygda, seier Rita som likevel vil framheve hjelpa dei fekk av Ivar Slettevoll (H) som er frå bygda.

- Det er ein utopi med landbruket som er bunde opp til småbruk i Gjerdsvika. Mange eigedomar burde heller vore lagt ut til tomter i staden, meiner Kristin.

### Stort potensiale

Alle damene er einige i at butikken er naudsynt for eit levande bygdesamfunn, og fleire av tilflyttardamene kjenner at det var her dei vart kjende med arbeid på Jets i Hareid, og brukar 40 min til jobb kvar dag.

- Når eg budde i Bergen måtte eg kjøre 20-30 min med buss til arbeid kvar dag sjølv om eg budde sentralt, seier Bente. Kristin arbeider i Ulsteinvik og meiner tida i bilen kan nyttast til å førebu seg på arbeidsdagen. Ho stiller seg undrande til at folk vel å betale for dyre tomteprisar i byggjefelt i pressområde som Ulsteinvik og Fosnavåg når ein kan få det mykje rimeligare litt lenger unna. Samstundes meiner ho det er viktig at kommunen må leggje meir til rette for at folk skal få bygge i Gjerdsvika. Rita Pettersen meiner kommunen må

vere meir behjelpelege om dei vil at unge folk skal flytte hit. Sjølv heldt dei på i nesten to år før dei endeleg fekk klarsignal på å bygge.

- Eit anna par gav opp planane fordi det gjekk så tregt, og kjøpte seg heller eit hus lenger inne. Eg synest kommunepolitikarane burde stå litt meir på pinne for unge folk som vil etablere seg i bygda, seier Rita som likevel vil framheve hjelpa dei fekk av Ivar Slettevoll (H) som er frå bygda.

- Det er ein utopi med landbruket som er bunde opp til småbruk i Gjerdsvika. Mange eigedomar burde heller vore lagt ut til tomter i staden, meiner Kristin.

**Stort potensiale**

Alle damene er einige i at butikken er naudsynt for eit levande bygdesamfunn, og fleire av tilflyttardamene kjenner at det var her dei vart kjende med arbeid på Jets i Hareid, og brukar 40 min til jobb kvar dag.

- Når eg budde i Bergen måtte eg kjøre 20-30 min med buss til arbeid kvar dag sjølv om eg budde sentralt, seier Bente. Kristin arbeider i Ulsteinvik og meiner tida i bilen kan nyttast til å førebu seg på arbeidsdagen. Ho stiller seg undrande til at folk vel å betale for dyre tomteprisar i byggjefelt i pressområde som Ulsteinvik og Fosnavåg når ein kan få det mykje rimeligare litt lenger unna. Samstundes meiner ho det er viktig at kommunen må leggje meir til rette for at folk skal få bygge i Gjerdsvika. Rita Pettersen meiner kommunen må

vere meir behjelpelege om dei vil at unge folk skal flytte hit. Sjølv heldt dei på i nesten to år før dei endeleg fekk klarsignal på å bygge.